


POLICY- NOTAT



Prioriteringar i utviklingspolitikken **Kva skal Norge gjere meir av, og kva skal kuttast ut?**



Innleiing og bakgrunn

Det norske bistandsbudsjettet er på over 30 milliarder kronerⁱ, og utgjorde i 2014 0,99 prosent av Norges bruttonasjonalprodukt. Bistandsmidlane er spreidd over veldig mange prosjekt i 116 land (2014) verden over – faktisk meir enn 5000 prosjekt. Mykje av bistandsbudsjettet vert prega av kortsiktige, sprikande og urealistiske mål som ikkje vert følgd godt nok opp og som ikkje forvaltast på ein god nok måte. Norsk bistand går prosjekt og institusjonar i land i alle verdsdelar. Det er brei semje om at vi i større grad må velje – og velje noko bort. Men kva? Og kvifor?

Akkumulering og svingingar i formål

Sidan norsk utviklingspolitikk starta med bevillingar til FN sitt utviklingsarbeid i åra 1948-49, har dei internasjonale trendane for utviklingspolitikken prega dei norske prioriteringane. Det statlege, bilaterale bistandssamarbeidet vart innleia med eit fiskeriprojekt i India i 1953, og har deretter vorte utvida. Det var mykje fiske, landbruk og matproduksjon som prega bistandspolitikken i starten, før ein deretter byrja å konsentrere seg meir om infrastrukturprosjekt.

Norsk støtte til frigjeringsrørsler i fleire afrikanske koloniland vart følgd opp med humanitær støtte på 70-talet. Dette dreia utviklingspolitikken i ein meir politisk retning. Det var også på dette tidspunktet norsk utviklingspolitikk byrja å fokusere meir på fredsarbeid.

Etter kvart handla norsk utviklingspolitikk også meir og meir om å leggje til rette for norsk næringsliv sitt samarbeid med partnarar i sør, i tillegg til å bruke kompetanse frå norsk næringsliv i utviklingsarbeidet. I seinare tid kom det eit mangfald av nye prioriteringar på bana: Kvinner si helse, utdanning, klima, skogplanting, rett til skulegang og andre grunnleggjande menneskerettar. I ein del tilfelle har også norsk bistand handla om å formidle og samarbeide om norske kulturaktivitetar i utviklingsland.

Er bistanden spredt for tynt?

Mange har peikt på at bistanden frå Norge er for tynt spreidd ut over for mange prioriteringar. Det er hundrevis av ulike mål for kva norsk bistand og utviklingspolitikk skal oppnå, og bistanden er spreidd ut over mange land. Når Regjeringa i statsbudsjettet for 2016 føreslår å prioritere mellom landa, står den att med ikkje mindre enn 85 land på lista over mottakarar for norsk bistand. Med så mange land og så mange prosjekt er det fleire som har hevda - mellom anna OECD - at norsk bistand er for tilfeldig og ad hoc-prega.ⁱⁱ Ein har stadig lagt til nye moment, utan at ein overordna strategi har danna grunnlaget for det som har blitt lagt til. Det er lett for at ein hoppar på nye trendar som dukkar opp, utan at det følgjer ein reell prioriteringsdiskusjon. Dette har vore mogleg fordi bistandsbudsjettet i mange år har auka i

takt med bruttonasjonalinntekt. Kapasitet og kompetanse til å følgje opp over 5000 prosjekt er openbart ei utfordring.

Vanskelege prioriteringar

Det er opp igjennom åra blitt foreslått ein rekkje kriterier for kva Norge skal prioritere innanfor bistanden. Nokre meiner vi må prioritere det vi er gode på i Norge. Til dømes er Noreg langt framme på likestilling og har eit velorganisert arbeidsliv – kan dette eksporterast til utviklingsland? Ein betydeleg energisektor med vasskraftekspertise og ein stor oljesektor med sterk forvaltning skal også lærast bort. Andre har ønskt at Noreg må prioritere å vera ein fleksibel givar som gir dei store pengane til oppstartprosjekt og prosjekt som treng finansiering raskt. I tillegg til at Noreg skal prioritere der vi sjølv har fortrinn, skal landa lyttast til. Eit sentralt prinsipp i all bistand er vidare at alle prioriteringar skal byggje på mottakars behov og egne prioriteringar. På toppen kjem globale mål og satsingar. Tusenårsmåla la grunnlaget for store satsingar på utdanning og helse med norske bistandspengar. Kan alle desse måla samlast i ei tydeleg retning?

Kva bør Norge prioritere ned?

Skal noko prioriterast, må noko anna prioriterast bort. Det er den massive veksten av humanitærbistand i statsbudsjettframlegget frå Regjeringa hausten 2016 eit godt døme på. Ved å prioritere ei kraftig auke i humanitær naudhjelp er det mange andre føremål som får mindre, som til dømes bistand til sivilt samfunn og langsiktig bistand.

Det er dessutan vanskeleg å velje bort. La oss ta eksempelet med «hovudsamarbeidsland». Eit sentralt mål for norsk og internasjonal utviklingspolitikk har lenge vore å fjerne den ekstreme fattigdommen globalt, og eit virkemiddel har vore å ha hovudsamarbeidsland som ein skal konsentrere bistanden til. I eit slikt perspektiv er det interessante funn som peikar på at berre 30 prosent av bistanden går til dei 48 fattigaste landaⁱⁱⁱ. Faktisk viser tal at bistanden til dei fattigaste landa har gått ned seks prosent sidan 2010 – til tross for at den samla bistanden har auka. For Norge sin del gjekk 10 milliardar kroner av bistanden til dei aller fattigaste landa i 2014. Det er berre Island som brukar meir enn halvparten av sine bistandspengar i dei fattigaste og minst utvikla landa.

Og når er det tid for å gå ut av land? Det er uttalt og anerkjent at landa sjølv må forplikte seg og ynskje utvikling om stat-til-stat bistand skal ha effekt. Korleis sikrast slik vilje? Sør-Sudan er i så måte eit eksempel. Alle som har fylgt med på Sør-Sudans heroiske frigjeringskamp vart blenda av sjøstenderusen for nokre år tilbake og gløynde å stille dei nødvendige krav til landets leiare. Vi ville så fryktelig gjerne at det skulle gå bra at vi og oversåg store problem med landets øvste politiske leiing. Når er det tid for å gå ut av eit land? Og når bør bistand utelukkande gå til ikkje-statlege aktørar?

Vi må og tørre å gjere upopulære val her heime. I Norge er det fleire hundre bistandsorganisasjonar. Er det for mange? For dei det gjeld vil det alltid smerte når ein diskuterer nedlegging, samanslåing, og effektivisering – men for dei som betalar og skal fortsette å ha brei oppslutning om bistand, er det nettopp denne type debattar vi må tørre å ta.

Prioriteringar er smertefult, men det er nødvendig. Og det er spesielt viktig at det er de som ønskjer ein raus bistand som er tøffast i prioriteringane. Berre slik sikrast ei fortsatt brei oppslutning om bistand i Noreg.

Sluttnoter

ⁱ «Rekordstort bistandsbudsjett», Norad sine nettsider, 08.10.2014:

<http://www.norad.no/aktuelt/nyheter/2014/rekordstort-bistandsbudsjett/>

ⁱⁱ «Development Assistance Committee (DAC), peer review for Norway», OECD, 2008:

<http://www.oecd.org/dac/peer-reviews/41847146.pdf>

ⁱⁱⁱ «The DATA Report 2015: Putting the Poorest First», ONE, 25. mai 2015:

<http://www.one.org/international/policy/data-report-2015/>